



DEN NORSKE KYRKJA
Høyanger Kyrkjelege fellesråd

Marcus Thranes gate 3
6993 HØYANGER
Tlf: 57714100

Protokoll for møte i Høyanger kyrkjelege fellesråd

Torsdag 23.11.2023. kl.16.00 på Alvera misjonscenter.

Til stades:

May-Wenche Fossmark, Vidar Myren, Sturla Bell Fossen, Kari Henny Dale, Sissel Sørebo, Frode Merkesvik, Andreas Ester, Toril Lange, Bjørn Harald Nybo, Torsten Müller, Terje Søreide og Kjersti J. Søreide.

Meldt forfall: *Tonje Førde Systad.*

Fråverande: *Torunn Styve, Kenneth Førde*

Kopi av protokollen går til:

Tonje Førde Systad, Torunn Styve, Kenneth Førde, Veronica Vågen, Lars Petter Amundrud, Ellinor Austreim, Aud Kjersti Haugen, Rolf Aamot, Monica Sunde Tjønnås, Alf Magnar Svartemyr, Ingunn Østerbo, Toril Bjørkum, Eldrun Nordahl, Jens Ole Årdal, Sjur Håvard Øygard, Elisabeth Johansen, Heike Müller, Camilla M. Ådland, Leif Arne Fureli, Geir Sørebo, Knut Magne Nesse, M Ali Kharrat, postmottak Høyanger kommune.

Sakliste:

Godkjenning av innkalling, sakliste og møteprotokollen frå 26.10.23.

Innkalling, sakliste og møteprotokollen vart godkjent utan merknadar.

Meldingssaker:

036 Soknepresten har ordet

Soknepresten understreka kor viktig fellesrådet er for «livet» i kyrkja. Vi har eit oppdrag som del av ein større felleskap som vi kan slutte av englane sin bodskap i julefortellingane « Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske Gud har glede i!»

037 Opplæring av nye fellesråd

Kort orientering om fellesrådet sine hovudoppgåver.

Det vert kurs i Førde for dei nye fellesråda i Sunnfjord prosti, 22.januar.

Når ein får meir informasjon om dette vil denne bli sendt ut.

Påmelding innan 15.januar: [Kurspåmelding](#)

038 Status for planar for vedlikehald og investeringar 2024

Kyrkjeverja orienterte kort om investeringsplanane i budsjettet som er sendt kommunen.

I høve oppussing for å få stoppa vassinntrenginga som øydelegg glasmåleriet i Høyanger kyrkje, har kyrkjeverja har vore i kontakt med det firmaet som kommunen brukar mest til større vedlikehald og prosjekt, Tharaso AS ved Øystein Farestveit. Kyrkjeverja har og sendt førespurnad til to firma i Sunnfjord, om dei ynskjer å gi pris på dette arbeidet.

Kyrkjeverja har vore i kontakt med kyrkjerådet sin arkitekt som har gitt sin uttale.

039 Brannalarmar og oppknytting til alarmsentralen i Florø.

Kyrkjeverja utdjupa saksutgreiinga i innkallinga.

040 Kyrkjeverja har ordet:

- Økonomisituasjonen – spennande å få med dei siste kostnadane inn mot årsavslutninga.
- Kva som er kjent i høve Høyanger kommune sitt budsjettarbeid. Kommunebudsjettet skal endeleg vedtakast i kommunestyremøtet 14. desember.
- Ymse: Leiar i avtroppande fellesråd kom med helsing til dei som no går ut av fellesrådet.

Vedtaksaker:

022/23 Konstituering av det nye fellesrådet

Det vart ved skriftleg val valt leiar og nestleiar for 1 år.

Resultat av valet:

Val av leiar: 9 stemmer til Sturla, ei blank stemme.

Sturla Bell Fossen vart valt til leiar for 2024.

Val av nestleiar: 1. valrunde: Terje 3 stemmer, Toril 3 stemmer og Kjersti 4 stemmer

2. valrunde: Terje 4 stemmer, Toril 2 stemmer, Kjersti 4 stemmer

3. valrunde: Terje 6 stemmer, Kjersti 3 stemmer og 1 blank.

Terje Søreide vart valt til nestleiar for 2024

023/23 Neste møte i fellesrådet og møteplan for 2024.

Neste møte i fellesrådet er tidlegare fastsett til 7. desember.

Fellesrådet må drøfte kva vekedag og tidspunkt i månaden som er eigna for møta i -24.

Vedtak: Fellesrådet har som hovudregel møte 2. torsdag i månaden. Tidspunkt og stad kjem ein tilbake til.

Høyanger 24.11.2023

Protokoll ført av:

Stig Jonny Fitje

Kyrkjeverje for Høyanger kyrkjelege fellesråd